

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	09.03.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/233

Innspel til Trafikksikringsplanen

Framlegg til vedtak:

RMNF ønskjer at desse tiltaka vert prioriterte:

1. Gangfelt frå Nordliheimen til Seniorsenteret, og ei betre løysing der fortauet sluttar ved Nordliheimen.
2. Overgangsfelt ved samfunnshuset, der det er lagt opp til kryssing ved at gang/sykkelvegen skiftar side.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 005/21

RMNF - behandling:

Rådet såg igjennom tidlegare innspel frå RMNF til arbeidet med trafikksikringsplanen.

Helge Dyrkolbotn sa at ein bør prioritera fortau langs fylkesveg 565 mellom Nordliheimen og Seniorsenteret, på nordsida her manglar det fortau.

Semje frå dei andre i rådet på dette punktet.

Anny Bertelsen tok opp at det bør komma overgangar fleire stader, først ved samfunnshuset, og ved gamle kommunehuset. Etterlyste også fortau frå overgangen ved Nordliheimen og bort til Nordliheimen (stoppar i plenen i dag).

Helge Dyrkolbotn sa at det også bør takast med i planarbeidet som manglar av gangvegar, i prioritert rekjkjefølgje: Frå Mastrevik nordover til Budalen og vidare til Kilstrommen, strekket Kilstrommen – Fonnes, og Austrheim kyrkje – Førland.

Mette Ekornrød sa at det er sett opp veglys frå Mastrevik mot brua til Ulvøy, her burde det komme gangfelt også.

Det er også mogleg å komma inn med private innspel, til trafikksikringsplanen. Ivar Bergsvik seier det kjem ønskje om fartsdump ved Bergsvik.

Helge Dyrkolbotn sa at opplæring også må vera ein viktig del av trafikksikringsplanen.

Handsaming i rådet:

Samråystes for framlegget til vedtak.

RMNF - vedtak:

RMNF ønskjer at desse tiltaka vert prioriterte:

1. Gangfelt frå Nordliheimen til Seniorsenteret, og ei betre løysing der fortauet sluttar ved Nordliheimen.
2. Overgangsfelt ved samfunnshuset, der det er lagt opp til kryssing ved at gang/sykkelvegen skiftar side.

Saksopplysninger:

Synfaring med Rådet for menneske for nedsett funksjonsevne

I samband med møtet i RMNF fredag 2. oktober var det ei synfaring på punkt der det er utfordrande for gåande å kryssa vegen. På synfaringa deltok leiar i rådet Odd S. Øksnes, Anny Sætre Bertelsen, Mette Ekornrød, Hege Ramsland og Helge Dyrkolbotn. Frå administrasjonen einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel, og møtesekretær Ketil Tjore.

Rådet stoppa ved Austrheim samfunnshus, der fortauet skiftar side på fylkesveg 565 utan overgang. Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, sa om både denne plassen og andre kryssingar at Statens vegvesen generelt er skeptisk til etablering av nye gangfeltkryssingar. Dei bygger dette på statistikk som viser at det er fleir påkjørslar i gangfelt, enn andre stader. Det kan komma av at folk stolar meir på stripene og vandrar ut i vegen utan å sjå seg godt nok for, men fleire i rådet peika på at det statistisk sett er fleire kryssingar der det er gangfelt.

Vidare stoppa ein ved det gamle kommunehuset, der det både manglar overgang ved vegen som går inn til Årsfeltet, og der gangvegen kryssar fylkesveg 419 der denne munnar ut i fylkesveg 565. Dette er i det heile eit uoversiktleg kryssområde.

Det var stopp ved innkjøringa til Nordliheimen, der ein både såg på at fortauet stoppar i graset inn mot parkeringsplassen, og ein såg på at det mangla fortau på sjukeheim-sida av fylkesveg 565 og opp mot Seniorsenteret/kulturskulen. Om dette fortauet som manglar, sa einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel at kommunen er i dialog med Statens vegvesen om dette.

Opp ved Uthaug-bygget/Seniorsenteret er det heller ikkje lagt til rette for å kryssa vegen på ein trygg måte. Det vart også løfta fram at det manglar ei kryssing ved YX-stasjonen, det er ei opning i autovernet men ikkje noko gangfelt.

Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel rådde rådet til å gje innspel til trafikksikringsplanen. Det er lettare å få til utbetringar når noko ligg inne som prioritert i trafikksikringsplanen, her er det også mogleg å få ekstraordinære tildelingar slik ein har fått for hjartesone Kaland med meir.



Ved Samfunnshuset er det skifte av fortau frå den eine til den andre sida av fylkesveg 565, utan kryssing med gangfelt.



Her er ein snarveg frå gangvegen og over til det gamle kommunehuset, der dei som skal til Årås-feltet går og syklar.



Krysset mellom fylkesveg 565 og fylkesveg 491, like ved det gamle kommunehuset, der det er ei gangvegkryssing like ved krysset.



Stubben med fortau inn mot Nordliheimen stoppar brått i graset, det er utfordrande om ein kjører rullestol.



Her skulle fortauen ha gått vidare opp til Seniorsenteret/kulturskulen.



Her er innkjøringa til Seniorsenteret/kulturskulen, der det ikkje er gangfelt i nærleiken. Ein må evt. gå rundt frå baksida.